



Kva vi foreldre seier, betyr noko



KVA VI FORELDRE SEIER, BETYR NOKO



Ei mamma køyrer dottera si (8) og sonen sin (12) til skulen. Dei er litt seint ute, og mora er stressa. Ein gjeng med eldre skuleelevar skal krysse vegen framfor dei og er opptekne med mobilen. Dei bruker lang tid på å gå over vegen.

Mora kallar tenåringane for idiotar. Barna i baksetet reagerer og utfordrar mora på språkbruken hennar. Mora blir først litt brydd, men ho takkar barna for at dei gjorde henne merksam på dette, og beklagar.

Sjå filmen på reddbarna.no/rollemodeller 



- » Korleis påverkar de barna dykkar med orda de bruker, og kva de seier?
- » Korleis kan de foreldre bidra til at elevane i klassen snakkar positivt om og til kvarandre?
- » Både vaksne og barn kan seie ting dei ikkje meiner, når dei er sinte. Kva er lurt å seie og gjere om du har sagt noko du ikkje burde seie?
- » Kvifor er det lettare å seie stygge ting på sosiale medium enn ansikt til ansikt?
- » Korleis er det lurt å reagere når barnet ditt eller andre barn snakkar stygt til eller om andre (online/offline)?
- » Korleis kan elevar, foreldre og skulen samarbeide for å få til meir positivt språkbruk på skulen?